

Møtebok

frå

Utdanningsutvalet

Møtestad: AR-T 401
Tid: 25.05.2016 kl. 9:00 - 11.30

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Bartlett, Magne
Bjørheim, Sindre
Hervik, Sigbjørn
Hoff, Lene Katrine
Husebø, Dag
Hærem, Eva
Klepp, Anine
Knutsen, Ketil
Melberg, Jorunn
Nielsen, Marit Aamodt
Selvik, Jon Tømmerås

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Jørgen Sjøberg

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Sverre Gaupås

Fylgjande observatørar møtte:

Elisabeth Faret

Frå utvalsekretariatet møtte:

Bjarte Hoem

Frå administrasjonen møtte:

Eilef J. Gard
Stig Selmer-Anderssen

Møtet vart leia av Dag Husebø


Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 13/16	Godkjenning av innkalling		
UU 14/16	Møtebok fra utvalget sitt møte 17. februar 2016	15/01302-37	
UU 15/16	Justering av mandat for Utdanningsutvalget - orientering	15/07095-3	
UU 16/16	Retningslinjer for eksamenskandidater ved individuell skriftlig skoleeksamen	16/02852-1	
UU 17/16	Regler og vilkår for godkjenning av gyldig fravær	16/02425-3	
UU 18/16	Regler og vilkår for innvilgelse av permisjon fra studiet	16/02307-3	
UU 19/16	Revisjon av retningslinjer for studieprogramarbeid - underveisrapportering	15/07627-2	
UU 20/16	Revisjon av kvalitetssystemet ved UiS	15/02648-2	
UU 21/16	Innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgare utdanning	16/01534-6	
UU 22/16	Tema for felleseminaret 2016	15/02097-3	
UU 23/16	Andre orienteringssaker	15/02099-6	
UU 24/16	Eventuelt		

Stavanger, 25.05.2016

Dag Husebø
møteleiar

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU <u>13/16</u>	Godkjenning av innkalling		
UU <u>14/16</u>	Møtebok fra utvalget sitt møte 17. februar 2016		15/01302-37
UU <u>15/16</u>	Justering av mandat for Utdanningsutvalget - orientering		15/07095-3
UU <u>16/16</u>	Retningslinjer for eksamenskandidater ved individuell skriftlig skoleeksamen		16/02852-1
UU <u>17/16</u>	Regler og vilkår for godkjenning av gyldig fravær		16/02425-3
UU <u>18/16</u>	Regler og vilkår for innvilgelse av permisjon fra studiet		16/02307-3
UU <u>19/16</u>	Revisjon av retningslinjer for studieprogramarbeid - underveisrapportering		15/07627-2
UU <u>20/16</u>	Revisjon av kvalitetssystemet ved UiS		15/02648-2
UU <u>21/16</u>	Innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgare utdanning		16/01534-6
UU <u>22/16</u>	Tema for felleseminaret 2016		15/02097-3
UU <u>23/16</u>	Andre orienteringssaker		15/02099-6
UU <u>24/16</u>	Eventuelt		

Stavanger, 25.05.2016



Dag Husebø
møteleiar

UU 13/16 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga vart godkjend.

UU 14/16 Møtebok fra utvalet sitt møte 17. februar 2016

Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner møtebok frå 17. februar 2016.

UU 15/16 Justering av mandat for utdanningsutvalet - orientering

Utdanningsdirektøren orienterte om saka. Det framlagde punktet fall ut i samband med revisjonen av mandatet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

UU 16/16 Retningsliner for eksamenskandidatar ved individuell skriftleg skuleeksamen

Utdanningsdirektøren orienterte. Utdanningsutvalet har mandat til å fastsetja felles retningsliner for utdanningsverksemda. Det er trøng for å oppdatera gjeldande retningsliner for eksamenskandidatar ved individuell skriftlig skuleeksamen. Den største endringa er regel for bruk av smartklokker.

Utdanningsdirektøren legg fram forslag om at alle klokker skal leggjast bort i eksamenssituasjonen. I staden vil det verta hengt opp klokker i eksamenslokalet. Det er også rydda opp i strukturen i retningslinene.

Diskusjonen i saka dreia seg om det nye punkt 6 er for strengt. Utvalet samla seg om at forslaget er tenleg for å gjera det enklare for studentane og vaktene. Utdanningsdirektøren og utvalsleiaren understreka at reglementet vil verta justert i takt med utvikling i vurderingsformer, serleg når digital eksamen vert etablert som standard ordning.

Det vart elles frå utvalet peika på at der er nokre skrivefeil i den versjonen som var lagt fram for utvalet. Dette må rettast opp før publisering.

Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtek retningsliner for eksamenskandidatar ved individuell skriftleg skuleeksamen. Retningslinene trer i kraft 1. august 2016.

UU 17/16 Reglar og vilkår for godkjenning av gyldig fråver

Utdanningsdirektøren innleia. Utvalet skal, i fylge forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger, vedta kva som er gyldig fråver ved eksamen. Alle fakulteta, EVU og StOr var inviterte til å gje innspel til framleggjet.

I møtet vart det sett fram forslag om endringar i fire av punkta i framlegget.

- 2 f: Det vart fremja forslag om å byta ut «nasjonalt elitenivå» med «nasjonalt idrettselitenivå». Forslaget vart einstemmig vedteke.
- 2 g: Det vart fremja forslag om å stryka fylgjande delsetning: «dersom ingen av de aktuelle eksamener tidligere er bestått». Forslaget fall med 5 stemmer for og 7 stemmer mot.
- 2 h: Det vart fremja forslag om å ta ut setninga «Påregnelige forsinkelser gir ikke grunnlag for gyldig fravær». Forslaget vart vedteke med 8 stemmer for og 4 stemmer mot.
- 3 a: Det vart einstemmig vedteke å leggja til at krav om legeerklæring også gjeld ved barns sjukdom.

Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtek reglar og vilkår for godkjenning av gyldig fråver med dei endringane som vart vedtekne i møtet. Reglane trer i kraft frå og med 1. august 2016.

UU 18/16 Reglar og vilkår for innvilging av permisjon frå studiet

Utdanningsdirektøren innleia. Noko er regulert i uh-lova. Permisjon ved fødsel gir tillegg i dei same rettane for permisjon som gjeld elles. Det har vore ulik handsaming ved fakulteta. Styret har i forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger vedteke at dette utvalet skal fastsetja nærmare reglar for permisjon frå studiet.

Som fylgje av diskusjonen i saka la utdanningsdirektøren fram fylgjande forslag til endringar i det utsende dokumentet:

- I pkt 3 skal det leggja til at utvekslingsstudentar skal søkja heimeuniversitetet.
- Pkt 6 b skal ha formuleringa «studenttilitsverv på heltid».
- Pkt 9, ny setning: «Dette gjelder ikke for ny og utsatt eksamen og ekstraordinær eksamen.»

Alle forslaga vart einstemmig vedtekne.

Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtek reglar og vilkår for innvilging av permisjon frå studia ved Universitetet i Stavanger. Reglane trer i kraft frå og med 1. august 2016.

UU 19/16 Revisjon av retningslinjer for studieprogramarbeid - underveisrapportering

Kristofer Henrichsen innleia. Det er utvikla ei skisse til foreløpige prosedyrer. Skissa inneheld eit forslag til rollefordeling. Kontinuerleg kvalitetsutvikling må ha eigarskap i fagmiljøa. Utdanningsutvalet som akkrediteringsorgan må også ha ei rolle og ekstern deltaking i tilsynsarbeidet er viktig. Nå tek arbeidet ein pause i påvente av nytt nasjonalt regelverk (studiekvalitetsforskrifta og studietsilsynsforskrifta).

Arbeidsgruppa vert også bedt om å sjå på eit punkt om utdanningane sitt innhald, relevans og nivå. Det er laga ein foreløpig tekst til dette i skissa.

I diskusjonen i saka vart det helde fram at arbeidet med retningslinjer for studieprogramarbeid og utvikling av ordning for tilsyn med studier og kvalitetsutvikling er ein del av universitetet sitt kvalitetssystem.

Utvalet sitt grunnlag for å gjera vedtak i akkreditering vart også reist som ei problemstilling. Det vart samanlikna med NOKUT sine rutiner med sakkyndige komitear, medan det ved UiS er utdanningsutvalet sjølv som vurderar og tek avgjerder.

Det vart også presisert frå utvalet at programsensor ikkje kan vera representant for arbeidslivet. Ein treng både ekstern fagleg representant og representant for arbeidslivet.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 20/16 Revisjon av kvalitetssystemet ved UiS

Dag Husebø innleia. Policydokumentet vil frå nå av verta definert som kvalitetssystemet, saman med skildringane av arbeid med kvalitet. Det skal visast at det er kvalitet i arbeidet som vert gjort, og ikkje berre at der er eit kvalitetssystem. Gruppa har levert si fyrste bestilling, nemleg policydokumentet. Deretter vil det verta arbeidd vidare med systemet.

Gruppa har også skrive eit forslag til innspel til stortingsmelding om kvalitet.

Utvalet slutta seg til arbeidet som var gjort og hadde nokre kommentarar til teksten.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet sluttar seg til policy for kvalitetsarbeid med dei kommentarane som kom fram i møtet, og rår styret til å fastsetja dokumentet som UiS sin policy.
- b) Utdanningsutvalet ber utdanningsdirektøren om å vidareformidla utvalet sine kommentarar og tilrådingar for det vidare arbeidet med kvalitetssystem for UiS.

UU 21/16 Innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgare utdanning

Dag Husebø innleia. Arbeidsgruppa for nytt kvalitetssystem tok også på seg eit ansvar for å skriva ein tenkt innspelstekst til ministeren. Det er kome inn tilbakemeldingar frå to av fakulteta.

Utdanningsdirektøren la til at innspelsteksten til fakulteta var meint som hjelp til den interne diskusjonen. Universitetsdirektøren vil på grunnlag av denne og innspela frå fakulteta leggja fram forslag til svarbrev frå styret til kunnskapsministeren.

Vedtak:

Utdanningsdirektøren syter for at innspela frå utvalet vert tekne omsyn til i den vidare utarbeidninga av svaret.

UU 22/16 Tema for fellesseminaret 2016

Bjarte Hoem innleia. Læringsmiljøutvalet har gått inn for alternativ b. Dersom utdanningsutvalet går inn for a eller c, vil utdanningsdirektøren og prorektor diskutera kva tema som skal veljast.

I samtalene i saka vart det argumentert for alle tre framlegga til tema. Dei fleste argument støtta likevel opp om b og c. Utvalet understreka at det berre er rom for eitt tema på seminaret.

Vedtak:

Utdanningsutvalet ber utdanningsdirektøren fortsetja arbeidet med planleggjing av fellesseminaret 2016 og ta omsyn til utvalet sitt ynskje om tema for seminaret.

UU 23/16 Andre orienteringssaker

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

UU 24/16 Eventuelt

Det kom ikkje fram forslag til eventuelt.